

Styremøte Sirdal bygdekinnelag 08.11.16

Til stades: Anita Haugen, Helin Morel, Gro Nilsen, Solveig Marie Ådneram og Åse-Berit Fidjeland

Meldt forfall: Karine Tjørhom Myhra

Sak 20/16: Konstituering av nytt styre

Leiar: Solveig Marie Ådneram

Nestleiar: Karine Tjørhom Myhra

Sekretær: Åse-Berit Fidjeland

Studieleiar: Helin Morel

Kasserar: Anita Haugen

1. vara: Gro Nilsen - møter fast på styremøta

2. vara: Sølvi Manneråk

Solveig Marie føreslår å endra funksjonsnamnet frå studieleiar til aktivitetsleiar, både for at folk skal forstå kva funksjonen inneheld, men òg fordi me arrangerer fleire aktivitetar enn kurs/studie. Me kan leggja ulike ting i aktivitetsleiaromgrepet òg, så førebels står det studieleiar til me har kome opp med ein meir dekkande tittel.

Sak 21/16: Sosiale medium

Alle få administratortilgang til Facebook, så det kjem til å "plinga inn" meldingar når det er aktivitet der.

Bygdekinnelaget sentralt rår alle til å ha si eiga heimeside under NBK og RBK, og Solveig Marie bestiller til kr. 1000,- pr. år. Det vert lagt opp til superbrukar, men oppbygging og kva som skal leggjast ut får me diskutera seinare. Åse-Berit synest det er fint, for då kan me leggja ut m.a. referat der, og ho vert ein av superbrukarane.

Sak 22/16: Nye innbuarar

Solveig Marie har ikkje vore hos Monica i Nesset, men ho skal. Dei andre er leverte til sidan førre møte.

Nye innbuarar er Marta og Kamil, der sistnemnde er ny kokk på høyfjellshotellet, og dagleg leiar i Tjørhomfjellet Tarjei Sporastøyl. Helin besøkjer paret på Fidjeland, og Anita finn ut om Tarjei bur her. Elles bør me finna ut kven som bur i huset til Andrea Handeland og nabohuset til Målfrid Kvæven.

Sak 23/16: Anna

Siste utvikling i oppsetting av trelavvo er at det krev søknad om permanent bygg, og Anita har funne ut at ho kjøper inn lavvoen og leiger ut til lag og foreiningar. Det vert laga ein avtale med andre foreiningar om vedlikehald m.m. Det kan vera at det krev bruk av gravemaskin, og det kan vera bygdekvinnene skal inn med økonomisk støtte der, jf. Bygda i bevegelse, men det kjem me attende til.

Sak 24/16: Arbeidsplan

a) Arbeidsplan 2015/2016:

Haustsprell kolliderer med Sunn matglede (8-14 år), så ny dato er 29. november.

b) Arbeidsplan 2016/2017, sjå vedlegg 1.

Årshjul NBK, sjå vedlegg 2.

Nytt møte: Måndag 16. januar kl. 19.30 i klubbrommet på Grendehuset
m.a. bruk av tilskot til Bygda i bevegelse og meir frå Gdansk